



**KONTROLLUTVALET FOR MELAND KOMMUNE  
MØTEUTSKRIFT**

**Møtedato:** 11. april 2019

**Stad:** Meland kommunehus – Formannskapssalen

**Kl.:** 08.30 – 13.15

**Tilstade:** Kåre Skibenes (leiar), Lars Barstad (nestleiar), Torhild Stav Skare (vara for Rikke Slåtten Nordal), Solbjørg Åmdal Sandvik (vara for Aslaug Aalen), Morten Klementsens (medlem) og Øyvind Bratshaug (medlem )

**Innkalla:** Ordfører Øyvind H Oddekalv (til sak 14/19)  
Rådmann Martin W. Kulild (til sak 15 og 18/19)  
Økonomisjef Per Inge Olsen (til sak 18/19)  
Janne Sund, økonomisjef Lindås / Alver kommune (til sak 19/19)  
Ørjan Raknes Forthun, rådmann / prosjektleiar Alver kommune (til sak 14/19)

**Revisjon:** Revisjonssjef Janne Eraker, Nordhordland Revisjon IKS (til sak 16-18/19)

**Sekretær:** Øivind Olsnes

**Forfall:** Anne Marie Skurtveit – vara Arnold Tveit er innkalla, men kunne ikkje møte Rikke Slåtten Nordal og Aslaug Aalen

Torhild Stav Skare fekk permisjon frå kl 10.15 .

**Grunna forfall var det 6 av 7 medlemar til stades ved oppstart av møtet. Frå og med handsaming av sak 18/19 var det 5 av 7 medlemar til stades.**

---

**11/19 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

**Samrøystes vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

## 12/19 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Saksvedlegg:

Møteutskrift frå møtet 07.02.2019

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen frå 07.02.2019 er godkjent

**Samrøystes vedtak:**

Møteprotokollen frå 07.02.2019 er godkjent

## 13/19 Skriv og meldingar

Saksvedlegg:

1. Vedtak fellesnemnda sak 10/19 Fråsegn til Fylkesmannen – økonomiplanar Alver
2. Referat frå møte den 20.03.19 mellom leiarane i kontrollutvala – Radøy, Meland og Lindås
3. Rapport til eigarkommunane av NHR IKS og IHR, datert 01.04.2019
4. Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune – utdrag av sak 016/19 Fellesnemnda Alver
5. Vedtak klagesak 15-2019 Utval for drift og utvikling

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering

**Samrøystes vedtak:**

## 14/19 Informasjon om fellesnemnda sitt arbeid / dialog med ordførar vedkomande Meland og Alver

Saksvedlegg:

Saksopplysningar:

Ordførar er invitert til å delta i møte med slik førespurnad sendt i e-post den 11.03.2019:

***KU ønskjer at du som leiar i fellesnemnda orienterer om fellesnemnda sitt arbeid vedkomande Alver, og at KU elles har ein dialog med ordførar kring Meland.***

*I den samanheng kan de vere høveleg om du mellom anna gjev ei tilbakemelding om nedanfor nemnde saker:*

- 1) *Kontrollutvalet i Meland handsam i møte den 15.11.2018, under sak 39/18 status og bestilling av forvaltningsrevisjon for Meland kommune.*

*Kontrollutvalet gjorde i møte slik :*

**Samrøystes vedtak:**

*Kontrollutvalet ber fellesnemnda for Alver kommune gjere greie for kva som vert gjort for å ivareta etikk og varsling i den nye organiseringa, herunder etiske retningslinjer og rutinar for varsling.*

*Epost vart den 16.11.18 oversend sekretæriet for fellesnemnda med oppmoding om: På vegne av kontrollutvalet i Meland vert fellesnemnda for Alver kommune beden om å gje ei skriftleg tilbakemelding på spørsmål som vert reist i vedtak.*

*Det er ikkje kome noko tilbakemelding om denne førespurnaden.  
Er temaet drøfta i fellesnemnda?*

- 2) *Fellesnemnda vedtok i møte den 28.01.2019 (sak 005/19) «Politisk reglement for fellesnemnd og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune»*

*I saka vert reglar for handsaming av spørsmål og tinging av utgreiing omtala.*

*Kan du gje ei orientering til KU om denne saka og kva dette har å sei for KU sitt arbeid.*

- 3) *Det er til neste møte i KU kome innspel til leiar om å gjennomføre eit prosjekt/revisjon omkring prosjektstyring i Alver og då spesielt knytt til samanslåingsprosessen.*

*Det er ønskeleg å drøfte/få synspunkt på ei tilnærming av dette.*

Ordførar vil delta i møte som førespurt.

**Behandling i møte:**

I tillegg til leiar i fellesnemnda møtte prosjektleiar Ørjan Raknes Forthun i saka.

Ordførar Øyvind H. Oddekalv innleia og orienterte kort om:

- Fellesnemnda tek sikte på koma i gang tidleg med utarbeiding av ein planstrategi for Alver
- Det skal utarbeidast ein arbeidsgjevarstrategi
- Politisk styringsstruktur – utkast er no sendt på høyring

**Politisk reglement for fellesnemnd**

Ordførar orienterte om og svarte på spørsmål vedkomande Politisk reglement for fellesnemnda og utval gjeldande samanslåing av Alver kommune.

### **Spørsmål vedkomande etikk og varsling**

Prosjektleiar orienterte om korleis dette er omtala i framlegg til politisk styringsstruktur. Fram til ny kommune er etablert vert noverande rutinar for varsling i dei tre kommunane nytta. Det vil verte laga ny rutine for Alver basert på gjeldande rutinar.

### **Prosjektstyring**

Prosjektleiar orienterte om metodikken, som ein arbeider etter, ved gjennomføring av prosjekt i Alver samanheng. Nyttar Difi sin modell med faseinndeling: avgrense omfang i konseptfasen – planlegge – gjennomføre – avslutte -> realisering.

Nyttar elektronisk prosjektportal som styringsverktøy og dokumentasjon. Er gjennomført opplæring av tilsette både om prosjektmetodikken og styringsverktøyet.

Ansvar og avgjerdsmynde for oppstart av og gjennomføring av politiske- og administrative prosjekt er etter prinsipp i delegeringsreglement for Meland.

Prosjektleiar konkluderte med at ein gjennom prosessen er kome langt med å utvikle seg i måten ein i dag jobbar på.

Prosjektleiar avslutta med ein presentasjon av status pr. 27.03. for arbeid og organisering innan ulike tenesteområde vedkomande Alver.

Ordførar og prosjektleiar svarte på spørsmål frå kontrollutvalet

### **Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for informasjon og tek den til orientering

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for informasjon og tek den til orientering

## **15/19 Orientering frå rådmannen om handsaming av klagesaker**

### **Saksvedlegg:**

### **Saksopplysningar:**

Under sak 08/19 vedtok kontrollutvalet :

*Rådmannen vert invitert til møte den 11.04.2019 for å orientere om saksgang, fristar og rutinar for handsaming av klagesaker på dette fagområdet.*

Sjølve klagen er ikkje noko sak for kontrollutvalet. Den er handsama og følgd opp av vedtaksorganet for saka – Utval for drift og utvikling (UDU).

Rådmannen vil delta i møte og gje ei orientering som førespurt.

**Behandling i møte:**

Rådmann Martin W. Kulild orienterte om korleis saksgang, fristar og rutinar vert praktisert av administrasjonen.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takkar for orienteringa og tek den til etterretning

**16/19 Nordhordland Revisjon IKS – Engasjementsbrev – Meland kommune**

**Saksvedlegg:**

Engasjementsbrev – Meland kommune.

**Saksopplysningar:**

Nordhordland Revisjon IKS har laga eit engasjementsbrev for Meland kommune som vert lagt fram for kontrollutvalet til orientering.

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisjonen sitt engasjementsbrevet til etterretning

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisjonen sitt engasjementsbrevet til etterretning

**17/19 Oppdragsansvarleg revisor sin uavhengighet i forhold til Meland kommune, revisjon av årsrekneskap 2018**

**Saksvedlegg:**

Vurdering av oppdragsansvarlig regnskapsrevisors uavhengighet i forhold til Meland kommune, revisjon av årsregnskap 2018, datert 19.03.2019.

**Saksopplysningar:**

I møte den 15.11.2018 (sak 35/18) handsama kontrollutvalet Nordhordland Revisjon IKS sine eigenvurderingar av uavhengighet for 2018 i høve krav til kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14.

Janne Eraker er ny revisjonssjef i Nordhordland Revisjon IKS. Det er derfor laga ei ny eigenvurdering vedkomande revisjon av årsrekneskap for 2018.

**Behandling i møte:**

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengighet til etterretning

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengighet til etterretning

**18/19 Årsrekneskapen 2018 og revisjonsmelding – uttale frå kontrollutvalet**

Saksvedlegg:

Rekneskap og årsmelding for 2018, Meland kommune.

Revisjonsmelding til kommunestyret dater 10.04.2019 ,

Revisjonsrapport nr. 16, datert 10.04.2019, Nordhordland Revisjon IKS

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapet før det vert vedteke av kommunestyret. Kopi av uttalen skal til formannskapet før dette organet gjev innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret, jf. § 7 i «Forskrift om kontrollutvalg kommuner og fylkeskommuner»

Årsrekneskap og årsmelding for 2018 var ikkje revidert ferdig, men sendt ut slik dei førelåg ved innkallinga til møte. Oppdatert årsrekneskap og årsmelding vart ettersendt i epost 10.04.2019

**Behandling i møte:**

Kopi av revisjonsmelding, revisjonsrapport nr. 16 og framlegg til uttale frå kontrollutvalet vart delt ut i møtet.

Rådmann, økonomisjef og revisjonssjef møtte for å orientere om saka.

Økonomisjef og rådmannen orienterte om revidert årsrekneskap, årsmeldinga og avvika som er på tenesteområda i høve budsjettet.

Økonomisjefen orienterte om endringar i oppdatert rekneskap.

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om revisjonen sine kommentarar i Revisjonsrapport nr. 16.

Kontrollutvalet gjekk gjennom årsrekneskapen for 2018, og stilte spørsmål til administrasjon og revisor om tilhøve kring revisjonsrapporten, årsmeldinga og rekneskapen.

### Framlegg til vedtak:

Med tilvising til det som her er nemnd gjev kontrollutvalet slik uttale til kommunestyret om Meland kommune sin årsrekneskap for 2018:

Kontrollutvalet har handsama årsrekneskapen for Meland kommune for 2018. Saman med årsrekneskapen låg føre årsmeldinga frå rådmannen, samt revisjonsmelding for 2018 og Revisjonsrapport nr. 16.

Kontrollutvalet ser det som positivt at rekneskap og årsmelding for 2018 er levert og revidert ferdig innan 15. april.

Kontrollutvalet meiner at presentasjon av årsrekneskapen med tilhøyrande spesifikasjonar og notar i saman med årsmeldinga, tilfredsstillar brukarane sitt informasjonsbehov.

Kontrollutvalet vil peike på følgjande:

Det er positivt at rekneskapen for 2018 syner eit lågare meirforbruk enn kva som var lagt til grunn i budsjettet. Bruk av disposisjonsfondet vart 3,6 mill kr mot budsjettet 6,3 mill. kr.

Det netto driftsresultat var på 4,7 mill. kr (0,74%) mot -5,9 mill kr (-1%) i 2017. Dette utgjer ei vesentleg betring av netto driftsresultat i høve 2017. Årsak til auken er omtala i årsmeldinga.

For kommunesektoren er netto driftsresultatet tilrådd å vere på minimum 1,75%. Kommunen har framleis eit stort avvik mellom måltal sett av Teknisk Berekningsutval og rekneskapsresultata. Kontrollutvalet sluttar seg til rådmannen sin omtale i årsmeldinga om at dette framleis krev ei tett oppfølging av budsjett og økonomiplanen.

I høve til 2017 auka dei totale netto inntektene i 2018 med 21,1 mill kr. Det utgjer 4,8 % auke i høve til 2017. Samla driftsutgifter i 2018 var 22,9 mill kr (3,8%) høgare enn i 2017. Auken av samla lønnsutgifter var betydeleg lågare i 2018 enn for 2017. Årsmeldinga gjev utfyllande opplysningar om endringane i inntekter og utgifter.

I § 10 i forskrift om årsrekneskap og årsmelding er det sett krav om at avvik på dei ulike tenesteområda skal forklarast. Avvik netto ordinær drift er – 0,6 mill kr (- 01%) i høve internt fordelt ramme frå rådmannen. Dette oppsettet i rekneskap og årsmelding samsvar ikkje med skjema 1A og 1 B, og er nærmare forklart i rekneskapet note 17 og ved tabell under kap. 2.2.4 i årsmeldinga. Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sin kommentar til årsmeldinga, om at ein bør vise til den offisielle årsrekneskapen i analysen, jf. pkt. 2.3 i revisjonsrapporten.

Kommuneloven § 48 nr 5 seier at årsmeldinga skal gjere greie for den faktiske tilstanden for likestilling i kommunen, arbeidet med å sikre ein betryggande kontroll og høg etisk standard. Desse områda er fyldig omtala i årsmeldinga kap. 2.6, 2.7 og 4.4.

Tal årsverk auka i 2018 med 4,6 medan tal tilsette berre auka med 2 personar.

Meland kommune hadde i 2017 ein stor auke i sjukefråvære. I 2018 er det gjennomført ulike tiltak og det er positivt at sjukefråværet er redusert frå 9,1% til 7,9%.

### **Revisjon**

Revisjon av årsrekneskapen er tilfredsstillande utført etter kontrollutvalet si vurdering. Det er gjennomført interimrevisjon i året.

Av Revisjonsrapport nr 16 går det fram kva tilhøve revisjonen har gjeve kommentarar til. Etter utførte kontrollar er det i revisjonsrapporten kommentert og gjeve tilrådingar for ulike tilhøve vedkomande:

- 1.1 Innkjøp og mva – gjennomført kontrollar – avvik er retta, ingen merknad
- 1.2 Sosiale utbetalingar – rutinar vedkomande dokumentasjon er påpeika også tidlegare år – noko er gjennomført, men rådd til å følgje opp dette i 2019
- 1.3 Inntekter – utført kontrollar – ingen avvik funne
- 1.4 Lønskostnader – utført stikkprøvar – ingen vesentlege merknader
- 1.5 MVA komp utleigebustader – revisjonen påpeika også i fjor manglande rutinar og ansvarsplassering – ber no om at dette vert prioritert

Vedkomande årsrekneskapet er det som i fjor kommentert og tilrådd oppfølging av:

- 2.1 Langsiktig gjeld
  - tilrådd å vurdere kostnad ved risiko for bruk av kortsiktige finansielle instrument
  - tilrår betre dokumentering av arbeidsdeling ved røfinansiering av lån i samsvar med finansreglement
- 2.2 Økonomisk sosialhjelp og foreldrebetaling – avstemming ikkje dokumentert - tilrådd at rutine bør innførast

Revisjonen har i sin rapport ikkje vurdert sine kommentarar som vesentleg i høve til revisjonsmeldinga.

Kontrollutvalet vil i løpet av 2019 følgje opp revisjonen sine kommentarar og merknader i Revisjonsrapport nr 16.

Utover dette og det som går fram av revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 10.04.19 og revisjonsrapport nr. 16 datert 10.04.2019, har kontrollutvalet ingen merknader til årsrekneskapen for Meland kommune for 2018.

### **Samrøystes vedtak:**

Framlegg til uttale er godkjend slik den føreligg



## 19/19 Tilråding til fellesnemnda – val av revisor for Alver kommune

### Saksvedlegg:

Innkome tilbodsdokument. Dokumenta inneheld opplysningar som er unnateke innsyn og vert derfor ikkje sendt ut / publisert, jf Off. lova §23, Forvaltningslova §13.

### Saksopplysningar:

Fellesnemnda har fått fullmakt til å gjere vedtak om val av revisor på bakgrunn av tilråding frå kontrollutvala i dei tre kommunane.

Fellesnemnda vedtok i sak 062/18 at Alver kommune skal kjøpa alle revisjonstenester i marknaden, og kontrollutvala fekk i oppdrag å førebu sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020

Leverandøren skal vera kommunen sin lovpålagde revisjon frå og med 01.01.2020 og dermed revidera frå og med rekneskapsåret 2020.

Lindås kommune har vore engasjert til å bistå kontrollutvala med dette arbeidet i samarbeid med sekretariatet. Eit framlegg til konkurransegrunnlag og tilbodsprosess vart lagt fram for kontrollutvala til godkjenning i januar/februar.

Det er no gjennomført ein tilbodskonkurranse for inngåing av kontrakt om kjøp av revisjonstenester basert på slik vedtak i dei tre kontrollutvala.

*Kontrollutvalet godkjenner innhaldet i framlegget til konkurransegrunnlag. Anskaffinga vert gjort i samsvar med gjeldande lover og reglar, og gjennomførast i Lindås kommune sitt KGV system, Mercell, i samsvar med dei malar og oppbygging som ligg i konkurransegjennomføringsverktøyet.*

*Kontrollutvalet gjev ei arbeidsgruppe fullmakt til å godkjenne og koordinere mindre justeringar i konkurransegrunnlaget før utlysing.*

*Arbeidsgruppa sitt mandat er å samordne arbeidet, avklare ulike spørsmål og delta i ein gjennomgang av innkomne tilbod etter at dei er evaluert.*

*Kontrollutvalet oppnemner slik samansett arbeidsgruppe:*

*Kåre Skibenes, Meland kontrollutval – vara Lars Barstad*

*Astrid Nordanger, Radøy kontrollutval – vara David Pletten*

*Leif Erik Gullanger, Lindås kontrollutval – vara Rolf Henning Hegland*

Tilbodet vart lyst ut på Doffin 17.02.19 med tilbodsfrist 15.03.19.

Innan tilbodsfristen kom det inn fire tilbod som vart levert av Deloitte - Nordhordland Revisjon – KPMG og BDO.

Oppnemnd arbeidsgruppe føretok i møte den 20. mars ei evaluering av innkomne tilbod saman med økonomisjef i Lindås kommune og sekretær for kontrollutvala.

I samsvar med utlyst konkurransegrunnlag og tildelingskriterier vart evalueringa vekta med pris (50%) og kompetanse (50%).

Etter ei samla vurdering av innkomne tilbod i høve utlyste tildelingskriterier var arbeidsgruppa samd om slik rangering basert på oppnådde poeng for tilboda.

1. KPMG AS
2. Deloitte AS
3. BDO AS
4. Nordhordland Revisjon AS

Saka om tilråding om val av revisor vert i april lagt fram for handsaming i kontrollutvala i dei tre kommunane.

Kontrollutvala sine vedtak om tilråding vil verte send til fellesnemnda, som då kan gjere endeleg vedtak om val av revisor for Alver kommune i møte den 06.05.19.

Innkomne tilbod inneheld informasjon, som av omsyn til konkurranse, er unnateke offentleg innsyn - jf. Off. lova §23 og Forvaltningslova § 13

Det kan av den grunn verte aktuelt å lukke møte ved handsaming av denne saka.

**Behandling i møte:**

Økonomisjef Janne Sund orienterte om saka i møte

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet rår til at fellesnemnda tildeler KPMG AS kontrakt for kjøp av revisjonstenester til Alver kommune.

Kontraksperioden gjeld frå og med 01.01.2020 med ein tidsperiode på 3 år samt opsjon på eit år.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet rår til at fellesnemnda tildeler KPMG AS kontrakt for kjøp av revisjonstenester til Alver kommune.

Kontraksperioden gjeld frå og med 01.01.2020 med ein tidsperiode på 3 år samt opsjon på eit år.

**20/19 Prosjekt / revisjon omkring prosjektstyring i Alver - framlegg om**

**Saksvedlegg:**

**Saksopplysningar:**

Medlem av kontrollutvalet Øyvind Bratshaug har i e-post den 06.03.2019 sendt slik framlegg til leiar i kontrollutvalet:

*Eg meina me bør ha et prosjekt / revisjon omkring prosjektstyring i Alver og då spesielt knytta til samanslåingsprosessen.*

1. Planlegging
2. Oppfølging, avvik, økonomi og kvalitet
3. Rapportering
4. Måloppnåing

Framlegget om eit slik prosjekt vart kort drøfta i møte den 20.03.19 mellom leiarane i kontrollutvala for Radøy, Meland og Lindås, jf referat under meldingar (sak 13/19)

Framlegget vert lagt fram for kontrollutvalet til drøfting i møte.

**Behandling i møte:**

Bratshaug orienterte innleiingsvis om bakgrunn for framlegget  
Saka vart deretter drøfta

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert å drøfta utan framlegg til vedtak frå sekretariatet

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil syna til orienteringa i sak 14/19 ved leiar i fellesnemnda og prosjektleiar for samanslåinga, og vil presisera viktigheten av at arbeidet heile tida er forankra i dei vedtak som er gjort i kommunestyret.

Kontrollutvalet vil tilrå at ein gjennomfører eit forvaltningsprosjekt om samanslåingsprosessen på eit seinare tidspunkt.

## **21/19 Orientering om høyringsframlegg av ny forskrift for kontrollutvalg- og revisjon**

**Saksvedlegg:**

- Kommunal- og moderniseringsdepartement, Høringsbrev dat. 31.01.2019 – ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift
- Høringsnotat om ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift, datert januar 2019
- Ny kommunelov - 2018, utdrag del 7. Eigenkontroll

**Saksopplysningar:**

Stortinget vedtok ny kommunelov i 2018. Lova skal tre i kraft 01.01.2020 / ved første konstituerande kommune- eller fylkestingsmøte etter kommunevalet 2019.

Ulike forskrifter til lova er under revisjon.

Departementet har sendt ny **kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift** på høyring, med høyringsfrist 2. mai 2019. Den nye forskrifta skal tre i kraft ved første konstituerande kommunestyremøte etter kommunevalet 2019. Den skal erstatte dagens to forskrifter; **Kontrollutvalgsforskrifta** (15. juni 2004) og **Revisjonsforskrifta** (15. juni 2004). Kontrollutvalssekretær vil i møte gje ei orientering om ulike endringar som departementet gjer framlegg om i sitt høyringsnotat.

**Behandling i møte:**

Sekretæren orienterte om saka

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning

**22/19 Gjennomgang av møtebøker frå politiske utval**

**Saksopplysningar:**

Kontrollutvalet har tilgang til alle møteprotokollar og har fordelt gjennomgang av møtebøker mellom medlemmene slik:

UDU: Aslaug Aalen, Øyvind Bratshaug

ULK: Anne Marie Skurtveit, Rikke Nordal, Morten Klementsens

FM/KS: Lars Barstad, Kåre Skibenes

**Behandling i møte:**

Ingen merknader / saker vart tekne opp i møtet

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har ingen merknadar til møtebøker frå politiske utval

**23/19 Eventuelt**

**Behandling i møte:**

**Uttale til framlegg Reglement for kontrollutvalet for Alver**

Saka vart kort drøfta

**Vedtak:**

Kontrollutvalet gjev leiar i samarbeid med sekretær fullmakt til å sende ein uttale om saka til fellesnemnda

---

**Ny møtedato vert fastsett til torsdag 23. mai 2019 kl 08.30.**


---

Førebels saker til neste møte:

- Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i periode
- Orientering om status økonomi 2019
- Førebuing felles møte for kontrollutvala – september 2019

Frekhaug, torsdag 11. april 2019

Kåre Skibenes / leiar



Øyvind Olsnes / sekretær

REFERAT:  
MØTE LEIARAR AV KONTROLLUTVALA I MELAND, RADØY- LINDÅS

**Deltakarar:**

Kåre Skibenes, Meland kommune  
Astrid Nordanger, Radøy kommune  
Leif Erik Gullanger, Lindås kommune  
Øivind Olsnes, sekretær for kontrollutvala

**MØTESTAD TID: Møterom NUI, Knarvik**  
**Onsdag 08.05. 2019 09.00 – 12.30**

Innkalling til møte var sendt til arbeidsgruppa i e-post 25.04.2019.

**SAKLISTE:**

**6/19 – Høyring politisk styringsstruktur for Alver kommune**

Framlegg til høyringsuttale vart drøfta.

**Konklusjon / oppfølging**

Høyringsuttalen godkjend og underteikna

**7/19 – Prosjekt / revisjon omkring prosjektstyring i Alver**

Vidare oppfølging vart drøfta

**Konklusjon/ oppfølging**

Evaluering og status av samanslåingsprosessen vert å ta opp som tema på fellesmøte i kontrollutvala til hausten.

**8/19 - Budsjet for kontrollutvalet i Alver kommune**

Ulike kostnader som må takast med vart drøfta

**Konklusjon /oppfølging**

Sekretær utarbeider framlegg til budsjett for 2020 og sak som vert å handsame i september 2019, med tilråding til Fellesnemnda før dei gjer sitt budsjettvedtak.



LINDÅS KOMMUNE



MELAND KOMMUNE



RADØY KOMMUNE

## **9/19 – Førebuing av felles møte for Kontrollutvala i Radøy, Meland og Lindås**

Møtedato: v 36 eller v 39 kl 09.00 – avsluttar med lunsj kl 12.00/13.00

Møtestad: Alver hotel

### Aktuelle tema vart kort drøfta:

- Informasjon om status i arbeidet med samanslåingsprosessen
  - Ordfører i Meland kommune og leiar for fellesnemnda Øyvind Oddekalv ,
  - Rådmann Lindås kommune /prosjektleiar Alver kommune Ørjan Raknes Forthun
- Orientering om status helse og omsorg
  - Kommunalsjef Leni Dale
  - Orientering om oppdatert status for felles barnevern
  - Prosjektleiar for prosjektet Felles barnevern/Barnevernslleiar Sissel Frotjold
- Orientering om budsjettframlegg for kontrollutvalet i Alver
- Innspel til opplæringsbehov for kontrollutvalet i Alver

### **Konklusjon/ oppfølging**

Sekretæren førebur program og innkalling til møtet

## **10/19 – Eventuelt**

Sekretær orienterte om planlagt felles møte i juni for alle leiarar i kontrollutvala KU  
Innspel til program drøfta.

Knarvik 08.05.2019

Øivind Olsnes, sekretær (sign)

## Høyring - Politisk styringsstruktur og reglementet for Alver kommune

Med tilvising til saksutgreiing med vedtak i fellesnemnda 01.04.2019 gjev kontrollutvala i Radøy, Meland og Lindås kommune slik uttale i saka:

Kontrollutvalet har avgrensa sin uttale til reglement for kontrollutvalet. Innleiingsvis vil ein peike på at framlegget til reglement må generelt oppdaterast med tilvisingar til ulike paragrafar i den nye kommunelova. Tilsvarande vil det også vere for nye forskrifter som vil tre i kraft frå ny kommunestyreperiode eller per 01.01.2020.

Kontrollutvalet vil i den samanheng særskilt peike på at reglementet for kontrollutvalet må heimlast i den nye kommunelova «*Kapittel 23 – Kontrollutvalgets virksomhet*», samt i *ny kontrollutvalgs- og revisjonsforskrift*, som har i 2019 vore på høyring med frist 2. mai 2019.

### **Val og samansetjing:**

Kontrollutvalet ser det som positivt at tal medlemar vert utvida til 7, derav 2 medlemar frå kommunestyret.

Kontrollutvalet tilrår at varamedlemene for heile utvalet vert vald i rekkefølge - ikkje som personlege vara.

Utelukka frå val til kontrollutvalet framgår av § 23-1 bokstav a – h

### **Arbeids- og ansvarområde:**

Kontrollutvalet sitt ansvar og myndighet framgår av § 23-2

I framlegg til ny forskrift framgår meir detaljerte opplysningar om ansvar og oppgåver.

Opplisting av oppgåver må samsvare med §§ 23-2, 23-3, 23-4 og 23-6.

Ein gjer merksam på at **selskapskontrollar** etter ny lov og forskrift er erstatta av **eigarskapskontroll**

### **Møtetid:**

Kontrollutvalet vil ikkje rå til at det i reglementet skal stå:

«*Utvalet har normalt møta frå kl. 12:00*»

Kontrollutvalet har hatt som praksis at møta tek til kl 09.00 i Radøy og Lindås og kl 08.30 i Meland. Dette har vore etter ønske frå medlemene i kontrollutvala.

Vi tilrår at utvalet sjølv fastset møtestart.

### **Arbeidsvilkår og godtgjerdning til folkevalde**

Kontrollutvalet har ikkje merknader til framlegget.

Knarvik 8. mai 2019

  
Kåre Skibenes, leiar  
for Meland kontrollutval

  
Astrid Nordanger, leiar  
for Radøy kontrollutval

  
Leif Erik Gullanger, leiar  
for Lindås kontrollutval